

ÅRSPLAN MAURTUA BARNEHAGE BØMLO SA -EIN GOD START

LIVSGLEDE OG LIVSMEISTRING



Innhold

OM MAURTUA BARNEHAGE BØMLO SA	3
1.0 PLANARBEID I MAURTUA BARNEHAGE	4
1.1 Planlegging, vurdering og dokumentasjon	4
1.2 Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet	4
2.0 PEDAGOGISK PRAKSIS I MAURTUA BARNEHAGE	5
2.1 Livsmeistring	5
2.2 Barn sitt beste og barn sin medverknad	6
2.3 Progresjonsplan for omsorg, leik, læring og danning for det enkelte barn	7
2.4 Vennskap og fellesskap	8
2.5 Kommunikasjon og språk	8
2.6 Barn si fysiske og psykiske helse	9
3.0 OVERGANGER I MAURTUA BARNEHAGE	10
3.1 Tilvenning - ein god start!	10
3.2 Overgang i frå 0-5 års avdeling til 5-6 års avdeling	10
3.3. Overgangen frå barnehage til skule/ samarbeid med skulen	11

VEDLEGG:

1. Maurtua Barnehage sin progresjonsplan for fagområda.
2. Maurtua Barnehage sin handlingsplan mot mobbing og krenkande åtferd.

OM MAURTUA BARNEHAGE BØMLO SA.

Maurtua Barnehage Bømlo SA (heretter kalla Maurtua Barnehage), er ein ikkje-kommersiell barnehage, eigd av dei foreldra som til ei kvar tid har barn i barnehagen vår. Barnehagen blir drifta utan anna økonomisk motiv, enn det å ha god kvalitet og sikker drift. Eventuelle driftsoverskot blir reinvestert, til det beste for barna i barnehagen. Med bakgrunn i dette er det investert i nye og oppgraderte barnehagebygg, to gymsalar og gode uteleikeplassar.

Lokalisering er i eitt bygg i Raunevarden 63 og eit i Idrettsvegen 110, med gå avstand imellom. Næraste nabo er Svortland Skule, Bremnes Ungdomsskule og Bømlo Vidaregåande Skule. Idrettspark og idrettshall er og naboor til oss.

Våre to gymsalar og det flotte naturområdet me har rundt oss, blir dagleg nytta til leik, moro og utforskning.

Visjon: Maurtua Barnehage sin visjon er auka livsglede og livsmeistring hos barna. Verdigrunnlaget er respekt, engasjement, tilhøyrslle og trivsel (RETT). Dette ligg til grunn for vårt daglege arbeid.

Grunnsynet vårt er at små og store lærer i eit samspel med kvarandre, noko som prinsippet om søskenavdelingar byggjer på. Maurtua Barnehage sine avdelingar er utforma slik at dei passar for barn i alle aldrar, og med rom for å dela barna inn i alderstilpassa grupper der dei er. Der leikar og lærer barna i samspel med kvarandre, samstundes som dei får delta i leik, samspel og aktivitetar også i mindre grupper.

Småbarna 0-3 år blir skjerma og ivaretatt i alderstilpassa grupper på sin søskenavdeling. I denne perioden er barnet i ein stor utvikling på alle områder, samstundes som dei er på sitt mest sårbare. Forsking viser at trygge tilknytte barn, har grunnlag for ei betre utvikling enn barn som ikkje er trygt tilknytte. Slik me ser det, er det då ein fordel for vidare tryggleik og utvikling at barnet slepp eit byte til «storbarns» avdeling i denne perioden, og i staden kan vera på same avdeling til det er rundt 5 år.

Siste år før skulestart går 5-6 åringane på eigen avdeling, kalla Stormaur. Den siste tida før overgang til Stormaur, er oftast prega av forventning og «utolmodig» venting hos barnet. Dei gler seg! Evalueringar og tilbakemeldingar frå barn og foreldre gjennom fleire år, visar stor tilfredsheit med å ha eit eige «førskuletibod» til 5-6 åringane våre siste året i barnehagen.

Våre tilsette er me stolte av. Dei er dyktige, engasjerte, omsorgsfulle og vel kvalifiserte for jobben sin. Barnehagen følgjer alle normer for bemanning og set inn vikarar ved behov.

Barn som treng ekstra støtta får naudsynt pedagogisk, sosial og fysiske tilrettelegging på sin avdeling. Me har to spesialpedagogar med lang erfaring.

Måltida er ein del av vårt pedagogiske innhald og består av tre hovud måltid til dagen. Tre dagar i veka, leverer kjøkkenet vårt ut varmlunsj til barna. Dei andre måltida består av ein variasjon mellom brød, pålegg, graut, havregryn, frukt og grønsaker.

KidPlan er vår kommunikasjonskanal med foreldre. Den får alle foreldre tilgang til så snart barnet har starta i barnehagen.

Opningstida er frå klokka 06.30-16.45. Frå 16.15-16.45 samlar ein barna som er att i barnehagen på biblioteket vårt på Jamnaheia, og på kjøkkenet i Raunevarden.

1.0 PLANARBEID I MAURTUA BARNEHAGE

Årsplanen er forankra i Lov om barnehagar, og er først og fremst ein arbeidsreiskap for personalet i barnehagen. Den viser korleis Maurtua Barnehage Bømlo SA arbeider for å oppfylle den nasjonale rammeplanen sine krav, innhald og oppgåver. Den har og med felles satsingar med Bømlo Kommune.

1.1 Planlegging, vurdering og dokumentasjon.

Barnehagen skal planleggje, vurdere og dokumentere det pedagogiske arbeidet. Hovudmålet med planleggings- og vurderingsarbeidet er å bli i stand til å reflektere og handle langsiktig, og på den måten sikre at alle barn i Maurtua Barnehage Bømlo SA får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjonen synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen.

Våre tiltak:

- Reflekterer over faglege og etiske problemstillingar, planlagt (på møter) og spontant.
- Sørgjer for progresjon. Når barna har opplevd meistring på eit område legg personalet nye element til det kjente, slik at barnet oppnår progresjon og utvikling.
- Tar val som er til barn sitt beste.
- Personalet lar foreldre og barn medverka til planarbeidet.
- Gjennomfører systematiske vurderinger etter oppsett intervall.
- Har oppdaterte vekeplanar, månadsplanar og dokumentasjon i KidPlan.
- Deler dokumentasjon og vurderingar i Teams for læring.
- Er til stades og møter førebudd på planleggingsdagar og møter.
- Gjennomfører foreldresamtalar minst to gongar per år, for utveksling av informasjon på individnivå.
- Foreldresamarbeid på gruppenivå gjennom foreldremøte og møte i samarbeidsutval.

1.2 Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet.

Etter vurdering og dokumentasjon skal barnehagen tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behovet og føresetnadane til barna, og ved behov gje ekstra støtte slik at barna kan delta ut frå eigne behov og føresetnadar.

Våre tiltak for tilrettelegging:

- Inkluderer alle barn i barnegruppa og det allmennpedagogiske tilbodet.
 - Tilpassar aktivitetar, turar og løysingar til den barnegruppa som til ei kvar tid er på avdelinga.
- Set barns beste først, og lar barn medverke i planarbeidet (sjå punkt 2.2 i årsplanen).
- Observerer enkeltbarn og barnegruppe.
- I samarbeid med foreldre, bruke BTI (betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Bømlo Kommune) ved behov hos enkeltbarn.
- Tar behovet for tilrettelegging opp i spesialpedagogisk team i barnehagen, med styrar og i møta med PPT.
- Ved behov, opplyse foreldre om retten til å krevje sakkunnig vurdering.

2.0 PEDAGOGISK PRAKSIS I MAURTUA BARNEHAGE

2.1 Livsmeistring

Maurtua Barnehage si overordna målsetjing for barnet er livsmeistring. Denne skal barnet oppnå i gjennom eit allsidig, viktig og tilpassa barnehagetilbod, til det enkelte barn og barnegruppa. Barna skal oppleve trivsel, meistring, og at dei høyrer til og har vener. Personale skal nytta varierte arbeidsmåtar i sitt pedagogiske arbeide for livsmeistring og livsglede. Blant anna *progresjon*, og ved å nytte *digitale verktøy*.



Våre tiltak for personalet i målet om livsglede og livsmeistring for barna:

- Me tar omsyn til **barn sitt beste** i våre avgjerdslar.
- Me lar barnet **medverke** til eigen kvardag (sjå 2.2).
- Me følgjer vår progresjonsplan for **omsorg og leik** og for å fremje **læring og danning** (sjå 2.3).
- Me arbeider målretta for at barn opplever **vennskap og fellesskap** på avdelinga (sjå 2.4).
- Me arbeider målretta med **kommunikasjon og språk** (sjå 2.5).
- Me arbeider for barn si psykiske og fysiske **helse** (sjå punkt 2,6), og tar ved behov i bruk vår handlingsplan mot mobbing og krekande åtferd (vedlegg 2 i årsplanen).
- Me ser arbeidet med rammeplanen sine **fagområde i samanheng**, og lar den pedagogiske praksisen i årsplanen gje retning for vårt arbeid med desse.
 - Personalet har for eiga læring eit særleg fokus på dei to fagområda *etikk, religion og filosofi, og natur, miljø, teknikk* (sjå vedlegg 1 i årsplanen; progresjonsplan for fagområda).

2.2 Barn sitt beste og barn sin medverknad

I målet om livsglede og livsmeistring for barnet, skal personalet skal alltid ta utgangspunkt i kva som er *barn sitt beste, la barnet medverke* og på den måten bidra til at barnet trivst, meistrar og får ei kjensle av eigenverdi. Barna skal delta i demokratiske prosessar og ha innflyting på det som skjer i barnehagedagen (inkludert planarbeidet), tilpassa alder, erfaringar, individuelle føresetnadnar og behov.

Våre tiltak:

- Reflekterer rundt kva som er barn sitt beste i her og no situasjonar, i avgjersler og planar.
- Lyttar til barnet, fangar opp meininger hos barnet ved samtalar og observasjon.
- Oppfordrar barnet til å uttrykkja eigne ønskje, idéar og følelsar, spør jamleg barnet om korleis barnet opplever kvardagen sin.
- Legg til rette for skapande aktivitetar.
- Nokre gonger gjere om på planar for å følgje barna sine initiativ og interesser.

2.3 Progresjonsplan for omsorg, leik, læring og danning for det enkelte barn			
		Barna:	Tiltak personalet/ barnehagen:
OMSORG	TRINN 1	Kjenner seg trygg og sett! Opplever at det er ok å vise kjensler/ får trøyst ved behov. Utviklar tillit til seg sjølv og andre. Får dekka sine fysiske og psykiske behov. Får medverke til eigen kvardag.	<ul style="list-style-type: none"> Møter barnet på morgenon! Tilbyr eit variert og tilpassa tilbod. Er autoritativ og til stades. Snakkar og leikar med barna. Gjer rom for ro og kvile. Legg til rette for eit tilpassa leike og språkmiljø. Sikrar gode relasjonar barna i mellom. Viser omsorg, forståing, respekt og rausheit! Hjelper barnet til å uttrykkje ulike kjensler og ta sjølvstendige val. Observerer og ser etter at alle barn har god omsorg.
	TRINN 2	Opplever vennskap gjennom fellesskapet. Er meir merksam på eigne kjensler. Kan hjelpe og trøyste andre. Opplever matglede.	
	TRINN 3	Medverkar til dei fleste val som gjeld seg sjølv. Hentar hjelp når dei treng det. Kan i stor grad regulere seg sjølv og overfor andre. Inkluderer andre og viser nestekjærleik.	
LEIK	TRINN 1	Får erfare tur taking-, parallel- og todlarleik, «titt tei»leik, konstruksjonsleik. Er nysgjerrig og viser interesse for det som skjer rundt. Opplever humor og glede i varierte aktivitetar.	<ul style="list-style-type: none"> Har nok kunnskap om leik. Er til stades der leiken skjer. Tilfører og organiserer rom, tid og leikemateriale. Byggjer videre på barna sine interesser. Tar initiativ til eit inkluderande miljø, og bidreg aktivt til at barn kjem inn leiken. Lærer barnet leikeregler. Legg til rette for dagleg fysisk leikeaktivitet ute, inne og i gymsalane våre, Har respekt for leiken, bryt ikkje opp god leik.
	TRINN 2	Byrjande interesse for rolleleik og for å leike med andre. Er i leik over litt tid, og kan dele og halde på leiker. Kan aktivisera seg litt sjølv og invitere andre inn i leiken. Kjenner rørslegleda.	
	TRINN 3	Meistre rolleleik, leikereglar. Er meir sjølvstendig og oppsøkjer og får innpass i leik.	
LÆRING	ALLE TRINN	Opplever at fysisk miljø fremjar nysgjerrigkeit og leikelyst. Utviklar og har progresjon innanfor alle rammeplanen sine fagområde og Maurtua Barnehage sin områder for pedagogisk praksis. Opplever eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod, også ved behov for særskilt tilrettelegging. <i>Får erfaring med digital praksis og utviklar sin digitale dømekraft.</i>	<ul style="list-style-type: none"> Lar barna delta i praktiske situasjoner som påkledning, måltidsaktivitetar, rydding. Lar barna medverke til tema, aktivitetar, leiker, turar og her og no-situasjoner. Bruker leik, samtaler og samspel som verktøy Inventar, møbler og leiker blir brukt til å styrke barn sin nysgjerrigkeit. <i>Nytter digitale verktøy i saman med barna.</i>
DANNING	TRINN 1	Kjenner glede av fellesskap med andre. Erfarer at det kan påverke eigen kvardag Sit ved bordet ved måltid. Gle seg over små samlingsstunder Blir kjent med rutinar/ normer på avdelinga Øver på god morgen, takk, ha det...	<ul style="list-style-type: none"> Tydelege og trygge vaksne. Støtter barna sin aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet. Utfordrer barna sin tenkning og legg til rette for utforskande samtaler. Anerkjenner og føl opp barnet sitt perspektiv, handling og undring. Legg vekt på høflegheit som ein del av danninga. Hjelper barnet til å forstå og respektere felles normer og verdiar som er viktige for fellesskapen Synleggjer og framhevar mangfold og ulikskap som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring.
	TRINN 2	Erfarer mangfold og ulikhet. Er nysgjerrig og får medverka Får kunnskap om verdiar og haldningar. Opplever av å vera anerkjent for den ein er.	
	TRINN 3	Har god sosial kompetanse Er ein del av den demokratiske fellesskapen. Er trygg på seg sjølv og kvardagen sin. Er høfleg og kan vente på tur. Meistrar betre både medgang og motgang. Kan stille spørsmål (kritisk tenking). Anerkjennande veremåte mot mangfold og ulikskap.	

2.4 Vennskap og fellesskap.

Å oppleve venskap og å kjenne seg som ein del av fellesskapen, er ein viktig føresetnad for barnet sin trivsel og livsmeistring. Barnet skal lære samhandling, slik at det kan etablere vennskap og oppleve gode relasjonar.

Våre tiltak:

- Personalet legg til rette for erfaringar og opplevingar for barnet, i relasjon med andre.
- Personalet ser og hører barnet.
- Personalet er gode rollemodellar og er til stades i relasjonen med barnet, med varme og positive grenser (autoritativ).
- Personalet er kjent med og tek i bruk handlingsplanen for mobbing og krenking, for å utføre si aktivitetsplikt, dersom barn blir krenka eller mobba.
- Me arbeider for at barnet skal ha eit positivt samspel, og lærer å samarbeide med andre barn og vaksne.
- Personalet har fokus på mangfold og gjensidig respekt for kvarandre sine ulikheitar, og skapar på den måten eit godt fellesskap med plass til alle. Me «normaliserer» ulikheit.
- Kan nytta ulike undervisningsopplegg som; «Grønne tanker – glade barn», «Steg for steg» eller Kari Lamer sitt undervisningsopplegg for sosial kompetanse.

2.5 Kommunikasjon og språk.

Barnet si meistring av kommunikasjon og språk, har betyding for livsglede og livsmeistring hos barnet. Maurtua Barnehage er bevisst på at kommunikasjon og språk, påverkar og blir påverka av, alle sider av barn si utvikling. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og språkutvikling. Personalet skal ha eit stort fokus på omgrepssinnlæring, fordi skulane i Bømlo etter korona-åra, peikar på ei negativ endring hos barna på dette området.

Våre tiltak:

- Fysisk miljø er tilrettelagt slik at språk og leik får gode høve.
- Me ser språkleg mangfold som ein ressurs til læring for barna.
- Personalet har bøker tilgjengeleg, les kvar dag, og brukar bokkassar og konkretar.
- Personalet observerer for å fange opp barn med sein språkutvikling, eller kommunikasjonsvanskar.
- Me nytta biletkort til hjelp for å utvikle språket.
- Me støttar fleirspråklege i å nytta morsmål, samstundes som me arbeider med å utvikle den norske språklege kompetansen.
- Me nytta språkleik som rim, rytme, song, stavningar og framlyd til å leike med språket.
- Personalet har leik med engelskspråket med 4-5 åringane, til dømes «Engelsk med Teddy».
- Me vidareutviklar vår kompetanse gjennom verktøyet Språkløyper.
- Personalet nytta rutinesituasjonar til å involvere barna i samspel.
- Me planlegg ut frå progresjonsplan for fagområda; kommunikasjon, språk og tekst.

2.6 Barn si fysiske og psykiske helse

Barnehagen skal ha ei helsefremjande og førebyggjande funksjon, og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barna si fysiske og psykiske utvikling i tidlege år, er utgangspunkt for trivsel, leik og utfalding i barnehagekvardagen (livsglede og livsmeistring).

Våre tiltak:

- Personalet observerer, samtaler med barnet, og set ved behov inn tiltak, slik at barnet oppnår trivsel og god tilhørsle i barnegruppa.
- Personalet legg vekt på utvikling av prososial åtferd og empati hos barnet, og bidreg på den måten til god sjølvkjensle hos barnet.
- Personalet bruker planen vår for å førebyggje mobbing og krenkande åtferd (vedlegg 2).
- Barnehagen føl helsedirektoratet og rammeplanen sine føringar i høve mat og rørsle.
- Personalet gjennomfører måltid og måltidsaktivitetar saman med barnet, for å bidra til måltidsgleda, deltaking, samtalar og kjensle av fellesskap for barnet.
- Personalet legg til rette for dagleg fysisk aktivitet og uteleik for barnet.
- Me nyttar gymsalane kvar veke til tilrettelagt «bevegelsesleik», og av og til frileik.
- Personalet gjennomfører «Ruslemaking» med barna.
- Personalet lærer barna gode vanar og haldningar, for god hygiene.
- Personalet snakker med barna om kropp og grenser.
- Me føl vår tiltaksplan for pedagogisk praksis punkt 2.1-2.5 i årsplanen.

3.0 OVERGANGER I MAURTUA BARNEHAGE

3.1 Tilvenning - ein god start!

Oppstart og tilvenning i barnehagen er den første, største og viktigaste overgangen i barnet sitt liv. Den dannar erfaring for alle kommande overgangar. Det er viktig at den blir så god som mogleg for barn og foreldre.

Våre tiltak:

- Sender ut informasjonshefte for oppstart i barnehagen til nye foreldre i forkant av oppstart.
- Legg til rette for at foreldra er til stades saman med barnet i minimum 3-5 dagar i avklarte tidsrom. Kan nytte ulike tidsrom på dagen til tilvenning ved fleire nye barn.
- Foreldre deltek aktivt i praktiske oppgåver i barnehagen medan dei er her, og har hovudansvaret for barnet i leik, stell, måltid og kvile.
- Kontaktpersonen i barnehagen er i nærleiken og nærmar seg barnet gradvis.
- Pedagog gjennomfører førstegongssamtale ved eit av dei første møta.

3.2 Overgang i frå 0-5 års avdeling til 5-6 års avdeling.

«Stormaur» er namnet på dei to avdelingane våre for barn 5-6 år. For barna er det å byrja på Stormaur, ei stor og spennande hending, som nær alle gler seg til! Kjenslene barna har ved overgangen til «stor» avdeling, kan speglar korleis barna kan oppleva overgangen til skulestart. Derfor er det godt at barna får øva seg litt i trygge omgjevnadar, før dei skal over i skulen. Ved å observere overgangen i kjente omgjevnadar, kan personalet på Stormaur førebu barnet betre fram mot skulestart.

Dei to Stormaur-avdelingane føl same årsplan som resten av barnehagen, men prosjektarbeidet kan vera ulikt ut i frå barna på dei to avdelingane sine interesser. Barna er mykje ute på turar i naturen rundt barnehagen, og omkring på øya vår. Siggjo-tur og avslutningsfest med foreldre før sommaren er tradisjon.

Våre tiltak for overgangen til Stormaur:

- Barna blir kjent med personale på ny avdeling før oppstart.
- Dei besøkjer Stormaur mot slutten av vårhalvåret.
- Personalet førebur barnet før overgang.
- Personalet lar innhaldet og tilbodet på «førskuleavdelingane», vere ein progresjon og vidareføring av innhaldet på 0-5 årsavdelingane.
- Barnehagen har så langt som mogleg kjent personale med i overgangen til Stormaur.
- Barnehagen har tidleg i vårhalvåret klart kven av dei tilsette som skal arbeide på Stormaur komande barnehageår.
- Stormaur har tidleg foreldremøte på hausten.

3.3. Overgangen frå barnehage til skule/ samarbeid med skulen.

Barnehagen førebur barnet på skulestart i samarbeid med dei ulike skulane og Bømlo Kommune. Barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen.

Våre tiltak for overgangen til skule/SFO:

- Styrar deltek på møter med rektor for å avtale datoar for innskriving, besøk på skulen, foreldremøte før skulestart.
- Pedagogar på Stormaur deltek på nettverk med 1. klasse lærarar for å utveksle kunnskap og informasjon.
- Pedagogen fyller ut overgangsskjema til skulen i samarbeid med foreldre, og med samtykke frå foreldre.
- Personalalet på Stormaur førebur barnet til skulestart ut frå målet om livsmeistring og livsgleda, og legg vekt på sjølvstende.
- Personalalet lar barna på sin avdeling bli kjent med barna i frå same skulekrins, før skulestart.
- Personalalet gjer barna kjent med førstehjelp og det å ferdast i trafikken.
- Personalalet gjer barna kjent med songar, eventyr, rim, regler som dei også vil møte i skulen.

VEDLEGG TIL ÅRSPLAN

VEDLEGG 1: PROGRESJONSPLAN FAGOMRÅDA

ETIKK, RELIGION og FILOSOFI, er med på å forme korleis me oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og handlingar (livssynsmangfold).

	Barnet	Tiltak:
TRINN 1	Blir kjent med songar frå religionar og livssyn representert på avdelinga. Syng for maten	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Me utforskar, samtaler og undrar oss saman med barna, ved å stille spørsmål og drive samtalen framover.
TRINN 2	Får kjennskap til grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Får kjennskap til songar og forteljingar i religionar representert på avdelinga Er nysgjerrig og utforskar.	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Me grip sjansen til undring når den byr seg. ✓ Kjenner til barna på avdelinga sin bakgrunn, kultur og religion og er bevisst denne. ✓ Innhentar kunnskap om tradisjonar og høgtider knytt til religion og livssyn på avdelinga.
TRINN 3	Er kjent med religionar og livssyn representert på avdelinga. Kan undre seg og er nysgjerrig på filosofiske spørsmål. Viser interesse, respekt og forståing for mangfold og for kvarandre. Har forståing for at det finst mange ulike måtar å forstå ting på og leve saman på.	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Påske/ julevandring. ✓ Reflekterer over haldningar og er bevisst korleis desse kjem til uttrykk i arbeidet med barna. ✓ Fremje forståing, ettertanke og toleranse om livsverda og levesettet til andre menneske (kompetanse for mangfold). ✓ Identifisere verdikonfliktar i kvardagen.

NATUR, MILJØ og TEKNOLOGI, barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen, gjere erfaringar med teknologi og reiskap.

	Barnet	Tiltak:
TRINN 1	Ha ute tid kvar dag. Erfare enkel konstruksjonsleik. Snakke om dyr og planter.	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Gje barna erfaring med naturen som arena for leik, utforskning og læring.
TRINN 2	Får gode opplevelingar i naturen Kan undre seg. Har kjennskap til årstider og tidsomgrep. Kunnskap om dyr og dyreliv. Digitale verktøy til leik og læring.	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Personalalet er gode rollemodellar, vel bøker og aktivitetar som fremjar respekt for alt liv (haldningsskapande) ✓ Bruker verktøy og material for konstruksjonsleik ✓ Tar utgangspunkt i barnas nysgjerrigkeit og medverknad for tema/prosjektarbeid ✓ Gje barna kunnskap om livssyklusen, årets gang og endringar i naturen.
TRINN 3	Opplever og utforskar eksperiment i fysikk, kjemi og biologi. Erfarer gjenbruk Kjennskap til menneske sin livssyklus. Kjennskap til IKT teknikkar og moglegheiter Kunne reflektere, finne forklaringar og samanhengar.	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Støtta barna sin bruk av ulike digitale verktøy. ✓ Ulike eksperiment i fysikk, kjemi og biologi. ✓ Begynnande forståing for berekraftig utvikling.

VEDLEGG 1: PROGRESJONSPLAN FAGOMRÅDA

KOMMUNIKASJON, SPRÅK og TEKST; bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer

	Barnet	Tiltak
TRINN 1	<p>Lærer nye ord.</p> <p>Er kjent med biletbøker og peikebøker.</p> <p>Er deltakande i korte samlingar.</p> <p>Tar språket i bruk for å uttrykke seg.</p> <p>Kan enkle songar og rim.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Personalet tilbyr eit godt språkmiljø for avdelinga for alle barn. <ul style="list-style-type: none"> - legg til rette eit mangfald av bøker, songar bilete og uttrykksformer tilpassa alder og modning. - les for alle barn kvar dag og deltek på biblioteket sine lesestunder. - inviterer alle barna med i språkutviklande aktivitetar - har ulike typar samtalar som inviterer til refleksjon og undring hos barna - dramatiserer forteljingar og eventyr
TRINN 2	<p>Bruker språket aktivt med andre</p> <p>Snakkar i setningar, og leikar med språket med rim, rytme, lydar, lytting og ord.</p> <p>Kjennskap til mangfaldig kommunikasjon.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Personale nyttar språket aktivt i alle kvardagssituasjonar og lyttar til barna. ✓ Me synleggjer skriftspråket og det språklege mangfaldet på avdelinga. ✓ Me nyttar nynorsk norm. ✓ Lære barnet engelske ord
TRINN 3	<p>Erfaring med ulike skriftspråkuttrykk, tekstar og forteljingar.</p> <p>Reflekterer og uttrykker tankar</p> <p>Utforskar det munnlege språket og skriftspråket.</p> <p>Kan skrive namnet sitt.</p> <p>Kan litt engelske ord.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Personale nyttar språket aktivt i alle kvardagssituasjonar og lyttar til barna. ✓ Me synleggjer skriftspråket og det språklege mangfaldet på avdelinga. ✓ Me nyttar nynorsk norm. ✓ Lære barnet engelske ord

KUNST, KULTUR og KREATIVITET, barna skal få estetiske erfaringar med kunst og kultur, organisert på måtar som gjev barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon.

	Barnet	Tiltak
TRINN 1	<p>Utfolde seg med song, lyd og rytme.</p> <p>Kan enkle songar, rim</p> <p>Blir kjent med fargar og ulikt formingsmateriale.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Leggje til rette for at barnet frå erfaring med og kan uttrykke seg gjennom ulike materiell. ✓ Synleggjera arbeidet til barna på ein estetisk måte og skapa estetiske dimensjonar i barnehagen sitt miljø. ✓ Syta for at barna har tilgang til bøker, bilete, instrument og utstyr til å kle seg ut med. ✓ Bruke musikk, drama og dans. ✓ Leggja til rette slik at barna har tilgang til sortert og oversiktleg formingsmateriell, av ulik art. ✓ Samtala med barna om kunst og kultur – og gi rom for, støtte og berika deira bearbeiding av dette. ✓ Læra barna enkle tradisjonsrike songar.
TRINN 2	<p>Utviklar kreativ tenking og skaparglede</p> <p>Erfaring med primærfargar</p> <p>Erfaring med rytmeinstrument.</p> <p>Oppleve ei teaterforestilling.</p> <p>Kan fleire tradisjonelle leikar og songleikar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Leggje til rette for at barnet frå erfaring med og kan uttrykke seg gjennom ulike materiell. ✓ Synleggjera arbeidet til barna på ein estetisk måte og skapa estetiske dimensjonar i barnehagen sitt miljø. ✓ Syta for at barna har tilgang til bøker, bilete, instrument og utstyr til å kle seg ut med. ✓ Bruke musikk, drama og dans. ✓ Leggja til rette slik at barna har tilgang til sortert og oversiktleg formingsmateriell, av ulik art. ✓ Samtala med barna om kunst og kultur – og gi rom for, støtte og berika deira bearbeiding av dette. ✓ Læra barna enkle tradisjonsrike songar.
TRINN 3	<p>Oppleva lokale, nasjonale og internasjonale kunst og kulturuttrykk.</p> <p>Besøkje lokale kulturelle minner</p> <p>Kan pinsettgrep og klykke etter strek.</p> <p>Utstilling eller opptrinn på sommarfest.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Leggje til rette for at barnet frå erfaring med og kan uttrykke seg gjennom ulike materiell. ✓ Synleggjera arbeidet til barna på ein estetisk måte og skapa estetiske dimensjonar i barnehagen sitt miljø. ✓ Syta for at barna har tilgang til bøker, bilete, instrument og utstyr til å kle seg ut med. ✓ Bruke musikk, drama og dans. ✓ Leggja til rette slik at barna har tilgang til sortert og oversiktleg formingsmateriell, av ulik art. ✓ Samtala med barna om kunst og kultur – og gi rom for, støtte og berika deira bearbeiding av dette. ✓ Læra barna enkle tradisjonsrike songar.

VEDLEGG 1: PROGRESJONSPLAN FAGOMRÅDA

KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE, leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur

	Barnet	Tiltak
TRINN 1	Utviklar grunnleggjande motoriske ferdigheter. Opplever tur i litt ulendt terrenn. Får erfaring med variert mat Har byrjande forståing av hygiene.	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kjenna og praktisera nasjonale anbefalingar for fysisk aktivitet og helse. ✓ Rutinesituasjonar ✓ pinsettgrep,meistringsglede, kroppsmedvit ✓ Legg til rette allsidig og tilpassa rørsleeik
TRINN 2	Vidareutviklar motoriske ferdighetar, kroppskontroll og koordinasjon. Har kunnskap om eigen kropp. Går på turar utanfor barnehagen. Gryande forståing om kvar mat kjem frå. Får delta i måltidsaktivitetar. Meistrar håndvask	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Legg til rette for og motivera til varierte sanseinntrykk og rørsleleik (ute, inne, gymsal) ✓ Gi barna kunnskap om viktigeita av gode vanar, kost, aktivitet og kvile. ✓ Varierte og sunne måltid ✓ Gjennomgå grunnleggjande førstehjelp. ✓ «Siggjo»-fjelltur
TRINN 3	Kan vurdera og meistra meir risikofylt leik Utvikla bevisstheit om eigne og andre sine grenser. Positiv sjølvoppfatning. Kunnskap om mat «typar». Viser matglede (innsikt)	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Meistre toalettbesøk sjølv. ✓ Inspirera barna til å søkja fysiske utfordringar i forhold til alder og modning. ✓ Legga opp til fin og grovmotoriske aktivitetar.

NÄRMILJØ og SAMFUNN

	Barnet	Personale skal:
TRINN 1	Utvikla eit godt sjølvbilete og oppleva at deira stemme/ynskje betyr noko. Bli kjent med nærmiljøet.	Gjere barna kjent i og med nærmiljøet. Ha fokus på familien og lokal historie. Ruslemaking – medverknad. Gjere barna kjent med samisk kultur. Delta på lokale kulturhendingar. Gje barna forståing av at dei er ein del av historia i et samfunn i endring. Gjere barma kjent med trafikkbildet, skilt, fotgiengarovergongar etc.
TRINN 2	Oppleva at gutter og jenter blir behandla likt. Kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon. Utvikla forståing for kulturelt mangfold, ulike levevis og ulike familieformer. Erfaring med å lytta, forhandla og diskutera	Legga til rette for at barna skal kunna ta avskjed med barnehagen på ein god måte og glede seg til å begynna på skulen. Markere FN-dagen Snakke om barnekonvensjon.
TRINN 3	Kjennskap til menneskerettighetene. Bli kjent med lokalhistorie og lokale tradisjonar. Bli kjent i nærmiljøet og lærer å orientera seg og ferdast trygt. Bli kjent med skulen sin.	

VEDLEGG 1: PROGRESJONSPLAN FAGOMRÅDA

MENGD, ROM og FORM, barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i daglelivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, ved sjølv å vera kreative og skapande.

	BARNA	TILTAK
TRINN 1	<p>Bruker kroppen og sansane til utvikling av romforståing.</p> <p>Har begynnande kjennskap til/samanliknar ulike former og størrelsar.</p> <p>Blir kjent med tal.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Personalelet tilpassar leiker, material og det fysisk miljø slik at barna kan utforske, oppdage og få erfaring med matematikk: <ul style="list-style-type: none"> - spelar spel og puslespel og tilfører nye spel etter modning og kunnskap hos barnet. - har måleverktøy tilgjengeleg for kreativ leik og utforskning på avdelinga - legg til rette for konstruksjonsleik/ klosseleik - nyttar eventyr, regler, song/ songleikar, leiker og digitale verktøy for å inspirere barna til matematisk tenking.
TRINN 2	<p>Kjenner igjen eigenskapar ved fleire <i>matematiske omgrep</i> (sjå tiltak).</p> <p>Kan spele spel og leggje puslespel.</p> <p>Leikar med måleverktøy og konstruksjonsleik.</p> <p>Begynnande teljeforståing.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Me bruker aktivt <i>matematiske omgrep</i> i omgjevnadane som farger, klassifisering, form, mønster, stilling, plassering, storleik, retning, teljing, tall, funksjon, stoff art, overflate, målingar, lukt, smak, tid, fart, pengar ✓ Me legg til rette for matematiske erfaringar og problemløsing ved også å arbeide tilrettelagt med omgrep som nemnt ovanfor.
TRINN 3	<p>Har erfaring med dei fleste matematiske omgrepa i tiltaksplan.</p> <p>Kan undre seg over matematiske samanheng og finne meiningsfulle løysingar.</p> <p>Kan telje.</p>	

Handlingsplan

Maurtua Barnehage

Mobbing og anna krenkande åtferd mot barn



Innhald

<u>Innhald</u>	18
<u>Grunnlag for handlingsplanen:</u>	19
<u>Lovverket og gjeldande §§:</u>	19
<u>§ 3: Barns rett til medverknad</u>	19
<u>§§ 41-43: Psykososialt barnehagemiljø</u>	19
<u>§ 41 Nulltoleranse</u>	19
<u>§ 42 Aktivitetsplikt</u>	19
<u>§ 43 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen, krenka eit barn</u>	19
<u>Rammeplanen:</u>	20
<u>Mobbing og krenkande handlingar</u>	20
<u>Førebygga krenking og mobbing i barnehagen</u>	20
<u>Mål for Maurtua</u>	20
<u>Aktivitetsplikt § 42</u>	21
<u>Aktivitetsplan ved mistanke om eller kjennskap til at barn ikkje har det trygt og godt i Maurtua Barnehage Bømlo SA</u>	22
<u>Skjema til undersøking av mobbing og krenkande åtferd.</u>	24
<u>Plan for observasjon:</u>	24
<u>Bussen</u>	25
<u>Barnesamtale</u>	27

1. Grunnlag for handlingsplanen:

Handlingsplanen skal sikra at alle tilsette tar vare på barn dersom de utøver eller blir utsett for mobbing, vald eller andre krenkande handlingar. Handlingsplanen skal også sikra aktivitetsplikta.

2. Lovverket og gjeldande §§:

§ 3: Barns rett til medverknad

I alle handlingar og avgjeringar som gjeld barn i barnehagen, skal kva som er best for barnet, vera eit grunnleggande omsyn.

§§ 41-43: Psykososialt barnehagemiljø

Barnehagen skal førebygga tilfella der barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

§ 41 Nulltoleranse

Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som for eksempel utesetjing, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeidar i barnehagen, skal gripa inn når eit barn i barnehagen blir utsett for slike krenkingar.

§ 42 Aktivitetsplikt

Alle som arbeidar i barnehagen, skal følgja med på korleis barna i barnehagen har det.

Alle som arbeidar i barnehagen, skal mælda frå til barnehagens styrar dersom dei får mistanke om eller kjenner til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Styrar skal mælda frå til barnehageeigar i alvorlege tilfella.

§ 43 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeidar i barnehagen, krenka eit barn

Dersom ein som arbeidar i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeidar i barnehagen, krenka eit barn med for eksempel utesetjing, mobbing, vald, diskriminering eller trakassering, skal vedkommande straks mælda frå til barnehagens styrar. Styrar skal mælda frå til barnehageeigar.

2.1. Rammeplanen:

Alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskapet i alle aktivitetar i barnehagen.

Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsgleda, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggja krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følja det opp.

Rammeplanen seier at personalet skal støtte barna sine initiativ til samspel, at alle barn skal erfara at dei er viktige for fellesskapet, utvikla eit positivt forhald til seg sjølv med tru på eigne evna – og at personalet skal støtta barna si sjølvkjensle. Vidare skal me ha ein god dialog med foreldra med eit felles ansvar for at barn trivast, og utviklar seg.

3. Mobbing og krenkande handlingar

Mobbing av barn og unge er handlingar frå vaksne og/eller barn og unge som hindrar opplevinga av å høyra til, å vera ein betydningsfull deltagar i fellesskapet og moglegheita til medverknad. (Lund mfl. 2015)

3.1. Førebygga krenking og mobbing i barnehagen

Anerkjenning som førebygging viser seg i alt me seier, og alt me gjer. Det viser seg i opne spørsmål, oppriktig interesse, gode blikk, at personale vil barna og kvarandre vel, og gjennom konkrete handlingar som viser at dei andre blir høyrt og tatt på alvor.

Anerkjennande haldning betyr at ein føl opp, og tar barnet med på prosessen. Anerkjenning er ein del av barnas utvikling av identitet, og eit godt sjølvverd. Det er ein del av barnas bevisstheit om eigne evna og sosial verdi.


4. Mål for Maurtua

- ✓ I Maurtua skal alle barn oppleva seg sett, høyrt og kjenna at dei høyrer til i miljøet på avdelinga.
- ✓ I Maurtua skal alle i personalet delta aktivt i å førebygga mobbing og krenking – og utøva ein inkluderande praksis på ein slik måte at barn opplever seg sett, høyrt og slik at dei kjenner at dei høyrer til i miljøet på avdelinga.
- ✓ I Maurtua skal alle foreldre oppleva at dei blir høyrt, og at deira oppleveling av at deira barn blir sett høyrt og høyrer til i miljøet på avdelinga.

5. Aktivitetsplikt § 42

Ved mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarast undersøka saka. Undersøking skal gjennomførast dersom:

- Barn opplever mobbing og krenking
- Føresette opplever at barn blir mobba og krenka
- Personel mobbar og krenka barn



5.1. Aktivitetsplan ved mistanke om eller kjennskap til at barn ikkje har det trygt og godt i Maurtua Barnehage Bømlo SA

(Aktivitetsplikt barnehagelova kap. 8, § 41-43)

Barnet sitt

namn: _____ Født: _____

Kva skal denne planen løyse:

(Namnet på barnet) har rett til eit trygt og godt barnehagemiljø som fremmar helse, trivsel, leik og læring. Maurtua Barnehage Bømlo SA har (dato) fått vite av (kven)/har funne ut ved hjelp av (korleis) at (namnet på barnet) ikkje har det trygt og godt i barnehagen, fordi (barnets eller melderens sin oppfatning)

Kva opplever barnet?

(Har barnet uttalt noko i saken? Om barnet kan uttrykkje seg om kva som er utfordringa og kva han/ho trur vil hjelpa av tiltak?)

Hovudmål med aktivitetsplanen?

Aktivitetsplikt:

Kva skal gjerast/kva er gjort?	Korleis
Følgje med	Observasjonar, samarbeid med foreldre, samtale med barn:
Varsle	(Ansatt) _____ har varsla dagleg leiar
Undersøkje	Beskriv korleis undersøkje saken?
Beskriving av problem	Beskriv kva som er komme fram under undersøkelsen
Delmål	For å nå hovudmålet
Evaluering	Korleis skal mål og tiltak evaluerast

VEDLEGG 2: HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

Kva tiltak har barnehagen planlagt og når skal tiltaka gjennomførast

(Tiltaka skal vera eigna og tilstrekkelege for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø, og etter å ha høyrt med barnet kva han/ho meiner og ynskjer

Tiltaka skal vera fagleg forankra og omsynet til barnet sitt beste skal vera grunnleggjande. Tiltaka kan vera både på individ, gruppe og barnehagenivå.

Vurder og tiltak som kan bidra med å forebyggja/hindra at barnet får negative sosiale, psykiske eller psykosomatiske etterverknadar etter hendinga.

Er det behov for endring av tiltak eller nye tiltak etter kvart – oppdater planen

Me set inn desse tiltaka	Ansvarleg:
1)	
2)	
3)	

Evaluering av tiltaka:

Stad/dato:

Signatur:

6. Skjema til undersøking av mobbing og krenkande åtferd.

6.1. Plan for observasjon:

Dato:	Situasjon:	Utført:


6.2. Bussen

Set kryss på kven barnet vel å ha med seg på busstur.

NAMN:									

Hjelpebilda: Bilde av barna og bilde av bussen

Spør barna kven dei ønskjer å ha med seg på busstur – dei skal velja maksimalt fira barn frå bilda.



6.3. Barnesamtale

Eg har lyst til å høyre korleis du har det i barnehagen. Fortell!

Kva lika du å gjera på i barnehagen?

Har du det bra i barnehagen?

- Fortel meg kva du synes er bra i barnehagen/kva som ikkje er bra.

Kven leiker du med i barnehagen?

Kven er dine venner i barnehagen?

Er det nokon i barnehagen det er vanskeleg å leika sammen med?

Er det nokon du skulle ønska du kunne leike meir med?

Ser du nokon som leiker aleine?

- Dersom du ser nokon som leika aleine, kva kan du gjera då?

Når du ser at nokon ikkje er snille med kvarandre – korleis føler du deg då?

Er der nokon her som er ekstra flink til å gjera/seia snille/gode ting?

Er det nokon barn du kunne tenke deg å bli litt betre kjent med?

Kven er det som bestemmer i leiken?

- Kva skjer om du ikkje er einig? Og kva gjer du då – fortel.

Ekstra spørsmål:

Er det noko du har lyst å fortelja om?

Maurtua Barnehage	53 42 89 99	post@maurtua.org
DAGLEG LEIAR	53 42 89 98	svanhild.holme@maurtua.org
NESTLEIAR	53 42 89 99	lene.sortland.nesse@maurtua.org
ASS. STYRAR (R)	53 42 89 93	gro.hege.haldorsen@maurtua.org
Kristina Nesse	53 42 89 89	
FLYGEMAUR (R)	417 663 61	
SUKKERMAUR (R)	417 66 429	
ENGMAUR	453 30 488	
DRONNINGMAUR (J)	417 66 353	
SMÅMAUR (J)	417 66 348	
SANDMAUR (J)	417 66 424	
SKOGMAUR (J)	417 66 421	
JORDMAUR (J)	417 66 394	
STORMAUR A	950 43 768	
STORMAUR B	950 45 834	